



Geir Thomassen
Litlevika 38
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6230 - 14/24865

Saksbehandlar:
Tor Hegle
Tor.Hegle@lindas.kommune.no

Dato:
05.11.2014

Oversending av merknad nr.2 til uttale. Gbn 185/183.

Eg viser til søknad om tilbygg.

Om merknad frå nabo.

Vedlagt følgjer merknad 2 til byggesaken - frå nabo på Gbnr 185/215.

Før vi kan behandle søknad om tilbygg, ber vi om Dykkar tilbakemelding på merknadene.

Avvik mellom søknad og registreringar i kommunens arkiv.

Utanom dette ser vi av vårt byggesaksarkiv at det 26.08.1981, er gitt løyve til einebustad.

Tiltaket er registrert i matrikkelen med kode 111 (Einebustad).

På dei opphavlege planteikningane er balkong vist 1,2m utanfor veggiv på huset.

Dei tilsendte nye teikningane som skal vise endringane - er vanskeleg å tyde tilstrekkeleg.

Førebels, så langt vi kan sjå, er det ikkje samsvar (avvik) på følgjande stader:

1. Nyare veranda/balkong mot nord er vist lenger ut enn tidlegare balkong 1,2m frå fasadeliv.
2. Dei tilsendte teikningane viser «Bustad» i underetasje. Dette vert definert som «hovudareal» (opphaldsrom), medan dei tidlegare teikningane viser «tilleggsareal» (lagerrom).

Før vi kan behandle søknad om tilbygg, ber vi om tilbakemelding på avvik frå gjeldande byggeløyve og godkjente byggeteikningar frå 1981.

Etablert halvtak på fasaden – og - støttemur på austsida av bustaden.

Eg kan ikkje sjå at det i arkivet ligg føre løyve til følgjande tiltak:

- a) Endring frå balkong til halvtak på fasaden. Halvtaket er i tillegg ført opp på fasade mot nord.
- b) Oppføring av støttemur i terreng, med medfølgjande platting på austsida av bustaden.

Eg ber om tilbakemelding på forholdet.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Mottakarar:

Geir Thomassen

Litlevika 38

5914

ISDALSTØ